

# Om framstillinga av sørsamar i *Trøndelags historie*

Leiv Sem

Fyrsteamanuensis, Phd., Fakultet for lærerutdanning og kunst- og kulturfag, Nord universitet.

[leiv.sem@nord.no](mailto:leiv.sem@nord.no)

## ON THE DEPICTION OF THE SOUTH SAAMI PEOPLE IN TRØNDELAGS HISTORIE

The 2005 publication of a three-volume history of the Trøndelag region ignited a heated debate. Representatives of the indigenous Saami population claimed the editors and authors had omitted the Saamis from the history of the region. This debate was again revived in spring 2017 during the centenary of the first congress of the Saami people in Trondheim 1917. The editor's reply was that the Saamis indeed had been included, to the degree the historical sources allowed. Using methods of discourse analysis, the article reviews this debate and discusses to which degree, in what way and in which contexts the Saami people are included in the text of *Trøndelags historie*, and thus integrated in the text's concept of regional identity. Although differences are to be found between the three volumes and eleven authors, the article argues that the fundamental limitation of the depiction of the Saamis in the text as a whole is not a question of sources. Rather it is a question of the narrative and rhetorical structure of the text, and by extension: of the ideologies of the discourse of the historical community.

So we beat on, boats against the current, borne back ceaselessly into the past.

F. Scott Fitzgerald, *The Great Gatsby*

## INNLEIING

Året 2017 markerer hundre års avstand frå den fyrste samepolitiske markeringa, da samane kom saman i Trondheim for å semjast om strategiar for å betre sine kår og rydde seg eit rom i den norske fellesskapen. Denne hundreårsmarkeringa kan vere eit godt høve til å reflektere over kva status samane har i den offentlege samtalen i dag. Når identitetar blir skapt i moderne tid, er det ikkje minst gjennom å skape, fiksere og distribuere historiske forteljingar som bind menneske saman både synkront og diakront, og ikkje minst bind dei til eit landskap.<sup>1</sup>

1. Sjå t.d. Eriksen 1999.

Trebindsverket *Trøndelags historie* frå 2005 er ei slik forteljing som kan danne utgangspunkt for refleksjonar omkring samanes stad og status i den regionale historia, og over samisk identitetsbygging opp imot identiteten til majoritetsbefolkninga.<sup>2</sup> Verket er relativt nytt, og tek dessutan opp til handsaming nettopp landsdelen der møtet blei lagt i 1917. I det redaksjonelle forordet skriv hovudredaktøren for verket, historikaren Ida Bull, at ein ikkje «har ønsket å komme med noe fasitsvar på hva regionen Trøndelag ‘er’, eller hva den trønderske ‘identitet’ er [...]. Som fagfolk er vårt mål heller å stille spørsmål ved regionens identitet. Handler det om en region som er preget av felles trekk? Eller er det heller mangfold og ulikhet som kjennetegner dette området?» Ei målsetting med verket er å «prøve å få fram hva det til ulike tider har betydd å være mann eller kvinne, barn eller gammel, fisker, bonde eller same i Trøndelag».<sup>3</sup> Identiteten blir dels skapt gjennom framstillinga på sidene, dels blir den skapt gjennom si verknadshistorie ved at den vender seg til og blir motteken av eit trøndersk kollektivt subjekt, dels er den ein manifestasjon av ei politisk uttrykt og vedteken vilje om å sjå historia til folk i regionen i samanheng. I alt dette har bokverket *Trøndelags historie* mange parallellear blant nasjonale, regionale og lokale framstillingar.



Trebindsverket *Trøndelags historie* frå 2005.

Når ein nærmar seg verket, ser ein også at det faktisk er særleg relevant å trekke det fram på grunn av opphavshistoria til verket. Da det blei kjent at fylkesstyremaktene i Nord- og Sør-Trøndelag hadde tinga eit verk som skulle skrive saman «den totale historien til regionen»,<sup>4</sup>

- 2. Bull (hovudred.) 2005.
- 3. *Trøndelags historie*, 1, s. 11 og 12.
- 4. *Adresseavisen Morgen* 10.05.2002.

kom det krav frå samisk hald om at representantar for samane måtte vere med i bokkomiteen eller blant forfattarane. Redaktørane såg det ikkje som naudsynt med slik spesialkompetanse, da det var ei integrert, kronologisk framstilling dei ynskte.<sup>5</sup> I staden blei sørsamiske forfattarar invitert til å bidra med sine synspunkt på eit særleg seminar om temaet. Sverre Fjellheim, ein veteran i sørsamisk historie- og kulturminnearbeid, avviste å delta på eit slikt seminar,<sup>6</sup> og han skulle bli ein skarp kritikar av verket seinare.

Med ei slik forhistorie var det ikkje uventa at kritikken ville komme så snart verket blei publisert, og han kom innanfor både akademiske og populære fora. I *Adresseavisen* kritiserte Fjellheim verket for å bygge opp under «usannheter, myter og fordommer som sørsamer ikke kjenner seg igjen i», og historikarane bak verket blei skulda for «mangel på helt grunnleggende kunnskaper». Fjellheim konkluderte: «Fra samisk synsvinkel hadde det vært bedre å utelate samenes historie i dette bokverket.»<sup>7</sup> I *Historisk tidsskrift* blei verket kritisert først ganske kortfatta av Jostein Bergstøl og Gaute Reitan for at det tenderer til å støtte den såkalla framrykkingsteorien, som gjeng ut på at fråværet av samar i dei historiske kjeldene i det sørlege Noreg fram til einevaldstida kan forklarast med at dei fyrst rykka inn på 1600- og 1700-talet.<sup>8</sup> Redaktørane Ida Bull og Ola Svein Stugu imøtegjekk denne kritikken med ein punktvis gjennomgang av verket der dei argumenterte for at spørsmålet om samisk nærvere er drøfta av fleire forfattarar og at ulike teoriar er sette fram, utan at klare konklusjonar er trukne. «Det har gjort det mulig å trekke ut enkeltsettninger som reiser tvil om samenes tilstedeværelse, mens lesning av større avsnitt i sin sammenheng gir et mer balansert bilde».<sup>9</sup>

Kritikken mot at framrykkingsteorien ikkje blei klarare imøtegått, blei likevel forsterka av historikaren Håkon Hermanstrand i eit seinare nummer. Han tok til orde for at det som nå trengst i sørsamisk historiegranskning, er ein ny metodikk som gjeng ut frå at sørsamane «alltid har vært i Sør-Skandinavia. Det vil være den samme grunnholdninga som man har til norsk historie».<sup>10</sup> Mot Hermanstrand innvendte Bull og Stugu at «så lenge kjeldesituasjonen er så uklar som han er, kan ein verken avvise at det har funnест menneske med samisk identitet i Sør-Norge også i ‘tidsluckan’, eller avvise alternative hypotesar om assimilasjon eller tilbaketrenging». Faren er stor for at ein gjeng over frå å vere fanga i gamle tankemonster til å bli like mykje fanga i alternative dogme, åtvara dei.<sup>11</sup> Debatten har seinare halde fram, og så seint som den 17. februar 2017 heldt Bull fram dei same synsmåtane i *Adresseavisen*: «Problemet som her kommer til uttrykk, er de manglende kildene i en periode før 1500/1600-tallet [...]. Svaret på hva som skjedde i denne perioden, er ikke politiske vedtak, men mer forskning».<sup>12</sup>

I skrivinga av faghistoriske tekstar står ein røynleg i fare for å bli fanga i gamle dogme. Dogma kan vere ideologiske eller av kva ein kan kalte meir teknisk art, altså konvensjonelle meininger om korleis tekstar skal byggast opp. Somme av desse er skrivaren medviten om,

5. Bull 2002; Fjellheim 2005.

6. Stugu 2005.

7. Fjellheim 2005.

8. Bergstøl og Reitan 2008, s. 10.

9. Bull og Stugu 2008, s. 659.

10. Hermanstrand 2009, s. 491.

11. Bull og Stugu 2009, s. 700.

12. Bull 2017.

andre er usynlege, men alle kan ha følgjer for korleis teksten blir lesen og kva for effektar han har. Eg ynskjer å undersøke kva for rom og status sørsamiske menneske og kultur får i den heilskapen av ordval, årsaksforklaringar og tematiske prioriteringar som dannar *Trøndelags historie* (heretter TH 1–3) som retorisk struktur og som politisk dokument. Det følgjande er ikkje primært ein historiefagleg kritikk, sjølv om den delvis naudsynleg også må vere det. Det er ei tekstfagleg lesing med vekt på kva for samfunnsmessig kontekst den er skiven inn i. Metodisk legg eg opp til ein analyse etter Norman Faircloughs såkalla kritiske diskursanalyse, innretta på å granske ideologiar bak teksten og deira verkemåte andsynes samfunnet gjennom tekstens strukturelle oppbygning, supplert med somme narratologiske synsmåtar, som t.d. kven som har synsvinkelen, og kven som slepp til orde.<sup>13</sup> Interessa og målsettinga vil ikkje vere kva dei einskilde forfattarar har meint eller kva for haldningar dei måtte ha. Det eg ynskjer å problematisere, er fyrst og fremst: kva for effektar kan tekstens retoriske mønster av detaljar og strukturar få på lesarane? *Diskurs* er eit forsøk på å omgrepse festa dei grunnleggande, ofte usagte førestillingane som gjer at visse synsmåtar synest uomstridde, sjølvgjevne og naturlege, utanfor politikkens rekkevidde. Slik styrer dei kva ein kan tenke og tale om eit gitt emne, og dei avgjer såleis også kva for synspunkt og meininger som får ein taleplattform og blir tilkjent verdi innanfor eit emnefelt.<sup>14</sup> Forfattarane ideologiar er visseleg ikkje uviktige her. Men det er eit viktig diskursanalytisk poeng at teksten slik han ligg føre for lesaren, ikkje er eit reint uttrykk for forfattarane ideologiar eller intensjonar. Ein stor del er avgjort av omkringliggende faktorar i tilvertingsprosessen. Ein definisjon lyder slik: «En diskurs er et system for frembringelse av et sett utsagn og praksiser som, ved å innskrive seg i institusjoner og fremstå som mer eller mindre normale, er virkelighetskonstituerende for sine bærere og har en viss grad av regularitet i et sett sosiale relasjoner».<sup>15</sup> Eg vil derfor sjå teksten som eit uttrykk for ein historievitskapleg diskurs, noko som her vil seie dei haldningane som finst i historikarmiljøet ålement, og den praksisen som desse haldningane er verkande gjennom, t.d. rutinar for arbeidsorganisering, rekruttering og kvalitetssikring. For å markere dette poenget vil eg i det følgjande tale om skriva- ren som ein instans snarare enn å nytte dei ulike forfattarane namn.

## ROM FOR SAMANE

Dersom ein fyrst gjeng kvantitatativt til verks, kan ein ut frå registeret lese at det er 11 sider som nemner «samar» eller «samisk» i bind 1, 17 i bind 2 og 16 i bind 3. Dette ut av eit totalt sidetal på høvesvis 362, 419 og 477 sider brødtekst. Dette vil seie at om lag kvar 28. side nemner samane. Det er ikkje med dette sagt at alle andre sider ikkje handlar om samane. Mange forhold kan sjølv sagt vere like relevante og gyldige for samanes vedkomande som for ikkje-samar, t.d. klimaendringar og andre naturvilkår. Store delar av bind 1 handlar dessutan om tider og samfunn da det i det heile ikkje er meiningsfullt å sondre mellom samiske og ikkje-samiske samfunn, for framstillinga kviler på ei oppfatning av at ulike etnisitetar blir utkrySTALLISERT først eit stykke ut i historia. Men så er det i mange høve slik at skiljet faktisk er reelt etter kvart, og i så tilfelle vil det å ikkje handsame samar eksplisitt

13. Fairclough 2003; Gaasland 1999; Aaslestad 1999.

14. Fairclough 2003, s. 58.

15. Jf. Neumann 2001, s. 18.

kunne gli frå neglisjering til ei faktisk fordriking frå sidene og frå historia. Og gjeng ein inn og slår opp på sidene registeret nemner, ser ein at mange av desse oppslaga eigentleg ikkje handlar om samane i det heile, samane er berre nemnde for å karakterisere bønder, anten som deira kontrast eller som ei av fleire grupper som fell utanfor gardssamfunnet.

Det er i det heile forvitneleg å sjå kor lite til stades samar og samisk kultur er i denne framstillinga av trøndersk historie, ikkje minst gitt det uttrykte mandatet redaksjonen tok på seg i inngangen til arbeidet. Samane og deira kultur fell utanfor synsranden i oppsummingane av både bind 2 og 3, og i det fyrste bindet blir dei berre så vidt nemnde ein gong i lag med andre som «på en eller annen måte stod utafor gårdsstamfunnet, det kunne være fattigfolk, geistlige, byborgere eller samer». <sup>16</sup> I verket som heilskap blir ein etter kvart vant til at dei heller ikkje er nemnde i samanhengar som kunne profittert på, forsvarer eller jamvel kravd ein diskusjon av også samane. Blant fleire døme kan nemnast kapittelet om «sosiale forskjeller» i bind 1 som berre handlar om horisontal lagdeling, ikkje om kulturell variasjon, kapittelet om seinmellomalderens «Nærings- og arbeidsliv» i bind 2 som ikkje nemner samane i det heile, slik heller ikkje kapittelet om bustandard, matstell osb. i bind 3 gjer. <sup>17</sup> Frå eit lesarsynspunkt ville samanes særkjennemerke kunne gjevi tyngde, fylde og djupare forståing av emnet, og ein eksklusjon frå desse kapitla vil openlyst kunne verke inn på lesaranes forståing av kor vidt samane høyrer heime i ein trøndersk identitet.

Før eg gjeng over til den meir interessante innhaldssida av teksten, vil eg nemne eit aspekt som har å gjere med både kvantitative og kvalitative sider ved teksten: repetisjonen av somme emne. Det er ein del stoff som blir handsama fleire gonger, t.d. samanes sosiale organisering. <sup>18</sup> Ein kan sjå dette som eit utslag av forfattarane vilje til å gjere samiske emne synlege trass i den magre kjeldesituasjonen som er vist til tidlegare, ved at ein spekkar det vesle ein har av informasjon inn på ulike stader i framstillinga. Ein kan også tenke seg at det har med sjølve organiseringa av skrivearbeidet og redigeringa av verket å gjere. Frå ein lesarsynsvinkel kan ein på den andre sida tenke seg at ein slik repetisjon vil oppfattast som å peike mot viktige punkt i narrativet, og at ein repeterande struktur vil ha ein effekt. I så fall er det interessant å observere kva for motiv som gjeng att. Det motivet som slår lesaren i augo, er konflikt mellom samar og bønder. Dette poenget er gjentatt så ofte at det må få ein effekt i alle fall for den lesaren som les gjennom heile verket. I bind 2 finn ein dette ikkje mindre enn 9 gonger av dei 17 ulike oppføringane i registeret. <sup>19</sup>

Men meir interessant enn det kvantitative er det kvalitative: meiningsinnhaldet og kva som eigentleg blir sagt. TH er eit mangfelt verk, ikkje berre ved at det tek opp ei fleire tusenårig historie, breitt anlagt og femnande om så vel tradisjonell politisk historie om stormenn og kongar som sosialhistorie om fattigfolk, kvinner og barn, om ufrie og daude. Verket er også mangfelt i innfallsvinklar – det er eit resultat av eit samarbeid mellom 11 ulike forfattarar frå dei to ulike faga historie og arkeologi, og frå minst to generasjonar av forskrarar. Dette kan vere ei styrke stilistisk sett, og som eit poeng i seg sjølv i formidlinga av ei historie som i si spennvidde har behov for ulike perspektiv. Samtidig kan ei slik arbeidsfordeling, og ein slik tekstleg struktur, få sine kostnader. Eitt er at eit overordna

16. TH1, s. 375.

17. TH1, s. 147–152; TH2, s. 39–53; TH3, s. 145–169.

18. Sjå t.d. TH2 s. 287 og 354.

19. TH2, s. 156–57, 159, 265, 287, 300, 303, 306, 352.

ansvar for representasjonen av visse emne kan bli pulverisert. Eit anna er at det kan bli spenningar i verket som anten blir uløyste eller som fører lesaren i ein uoverskodeleg og kanskje uynskt retning. Relevant her er at individuelle forfattarar kan ansvarsfullt skrive samane inn i sin del, men inntrykket blir likevel prega av at ansvaret ikkje er gjort gjeldande for boka som heilskap, og at samisk kultur er lite integrert i denne heilskapen. Innstillinga til nettopp framrykkingsteorien er eitt punkt der perspektivmangfaldet er klarare enn ei avklart haldning. I fyrste bind blir det argumentert for at det i bronsealderen konstituerer seg to distinkte kulturar, økonomiar, mentalitetar og språkgrupper – dei som etter kvart skal utvikle seg til dei samiske og norrøne samfunna. Ein forfattar med arkeologisk utgangspunkt dekonstruerer eksplisitt framrykkingsteorien gjennom å vise først til forskingsresultat som motseier sein innvandring, så til forskingspolitiske straumdrag som har verka med til at framrykkingsteorien ikkje har blitt effektivt motarbeidd.<sup>20</sup> Men seinare i same bind er perspektivet eit anna, da ein historikar skriv: «Alt i alt ser det ut til at kildematerialet vi har i dag, må oppfattes slik at vi ikke kan utelukke at det fans samer i Trøndelag i middelalderen [...]. Derimot kan vi ikke vite hvor mange de har vært. Det sparsomme kildematerialet som fins, tyder helst på at det har vært nokså få».<sup>21</sup> Det er eit tydeleg skifte i kva som er interessa i framstillinga: det er nå å finne fram til eit minimum av eksistens – kor få er det muleg at dei har vori? Slik legg ein grunnen for ein argumentasjon for at ei sein framrykking likevel i røynda er eit muleg og aktuelt perspektiv. I bind 2 skal seinare forfattarar rykke inn i denne bresjen.

Ei av spenningane mellom binda og forfattarane ser ut til å vere nettopp kor sentralt spørsmålet om sørsamisk kultur skal stå i verket. For somme av forfattarane i bind 1 blir dette lansert som ein nøkkel til å forstå heile den kulturelle utviklinga i regionen, og denne kulturelle dualiteten er halden fram som eit særkjennemerke for Trøndelagsregionen: «Behovet for å utvikle spesielle identiteter som skiller de to gruppene fra hverandre, var i bronsealder derfor trolig større i Trøndelag enn i andre områder der samisk identitet ble utviklet. Utviklingen i retning av det spesifikt samiske kan derfor ha begynt tidligere i Trøndelag enn i områdene lenger nord og øst».<sup>22</sup> Dette perspektivet blir forlatt så å seie i krybba, og ut over både i bind 1 og 2 er det andre omsyn som veg tyngre.

I det tredje bindet blir samanes stilling i storsamfunnet noko meir inngående og eksplisitt drøfta. Her blir det på ein tydeleg måte vist korleis storsamfunnet grip inn i samanes kulturelle og økonomiske kvardag, og korleis den sørsamiske kulturen – lik trøndersk kultur meir ålement – har måttå utvikle og tilpassa seg endra livsvilkår og gå ein balansegang mellom integrering og kulturell sjølvhevdning. Ein måte å sjå denne arbeidsfordelinga mellom binda på, er å seie at verket som heilskap tek sitt ansvar og inkluderer sørsamisk kultur og folk i den grad og på den plassen det kan forsvarast ut frå kjeldemessige omsyn. Men motsett kan ein lese det som at siste bind tek opp samanes krav, medan dei føregåande binda har utelatt den historiske bakgrunnen for desse krava. Mellom linjene – eller snarare mellom binda – kan det dannast eit inntrykk hjå lesarane av at samanes krav er grunnlause og i overkant freidige. Teksten framviser eit medvit om denne spenninga på eit lokalt nivå, men på det strukturelle nivået av tekstleg heilskap er dette medvitet mindre synleg.

20. TH1, s. 104–05.

21. TH1, s. 278.

22. TH1, s. 105.

## MED BONDENS AUGE

Det er ein gamal kritikk mot norsk historieskriving at vekta blir lagt på bonden og hans verd, ikkje minst frå marxistisk og feministisk hald. I delar av TH er dette perspektivet likevel gjennomført i ekstrem grad, og med store konsekvensar. Store delar av verket er skrivi ut frå eit tydeleg og på alle nivå verkande bondeperspektiv. Dette viser seg gjennom kva som fangar interessa og som får plass i framstillinga. Bind 2 inneholder såleis ein svært detaljert gjennomgang av gardsførekomsten i mellomalderen. Det finst ikkje nokon gjennomgang av samisk livsførsel eller økonomi som kan seiast å vere tilsvarende. Bondeperspektivet kjem også til uttrykk gjennom ein påtakande ulikskap ikkje berre i mengda av representasjonar, men også i typen av representasjonar. For å ta framstillinga i bind 1 som døme, stig bøndene fram for oss gjennom skildringar av deira gjenstandar, bustader og kvardag, og fleire av forfattarane spekulerer levande fram skikkane og samfunnsforholda til bøndene. I kontrast er diskusjonen over andre menneske enn bønder reint teoretisk. Korleis proto-samane har organisert sine samfunn og sine liv, gjeng dei sjeldnare inn på. Fangstfolket forblir ein tenkt og berre vagt antyda storleik, gjennomgåande omtalt i langt mindre utstrekning enn bøndene, med mindre nyfikenheit over kva dei kunne vere i stand til og mindre interesse for å forfølgje svar. Mange evner og interesser blir utan særleg diskusjon antatt å vere unikt for bondekulturen. Var fangstfolket t.d. interessert i å bygge forseggjorte hus? Neppe. Eller gravhaugar? Neppe.<sup>23</sup>

Er årsaken til prioriteringa at gardsbusettinga gjaldt så mykje fleire folk enn dei samiske mennesa? Eller er årsaken at det ikkje finst kjelder som kan opplyse om liva til dei som levde liva sine utanom gardssystemet, slik forfattarane stadig nemner? Truleg verkar både delar inn. Men det er grunn til å tru at det også ligg ei ideologisk forklaring bak, i form av visse omforeinte diskursive grunnpremiss. Eit døme er ein passasje frå bolken til ein av forfattarane med arkeologisk bakgrunn. Dømet er interessant ikkje berre fordi det er karakteristisk for verket som heilskap, men også fordi denne skrivaren kanskje er den som er mest medviten og oppteken av å forankre sørsamane i det trønderske landskapet. Han seier på den eine sida i klartekst om bronsealderen: «Husdyrhald og åkerbruk dannet grunnlaget for bosetningen i bygdene langs Trondheimsfjorden, mens fiske og fangst fortsatt var det viktigste næringsgrunnlaget på kysten og i skog- og fjellbygdene. Denne delingen var trolig spiret til skillet vi i dag finner mellom norsk og samisk kultur».<sup>24</sup> I den følgjande framstillinga vik likevel skrivaren av i fokus, og perspektivet hans glir umerkeleg, til det fell saman med bondens. Den vidare utgreiinga tek for seg berre den bufaste, jordbruksdelen av folkesetnaden, utan at valet blir grunngjevi, ei heller gjort eksplisitt. Det ser berre ut til at det ligg eit premiss i botnen for teksten om at «folk» i grunnen er det same som «bønder». Tre sider seinare heiter det: «Gjennom det meste av bronsealderen må vi forestille oss at folk hadde noen få og små åkerlapper og i stor grad baserte sitt hushold på storfe, sau og geit [...]. Det er alminnelig antatt at de første åkrene – og dermed boplassene – ble plassert på sandholdig, selvdrenerende jord». Desse to sitata seier mot kvarandre, og treng eit medvit om eit underliggende premiss for at samanhengen mellom dei skal bli klar. Det premissset er i røynda ei normvurdering. I og for seg er denne vesle utglidninga ein bagatell. Men

23. TH1, s. 89 og 248.

24. TH1, s. 84.

det skal ikkje så mange slike utglidinger til i eit verk som dette før ein kan tale om ein ideologisk tendens og identitetspolitiske konsekvensar.

Gjennomgåande er det bondens synsvinkel som blir anlagt. At bondeperspektivet er fundamentet for forståinga av fortidas Trøndelag, kjem ikkje minst fram i dei få avsnitta som handlar om samane. Korleis startar t.d. underkapittelet «Samenes næringsdrift endret» i bind 2? Fyrste setninga er: «Det er særlig i forbindelse med utnytting av utmark og etablering av setre bondene kom i konflikt med samene i fjellområdene», og ein held vidare fram med at «[n]oe av bakgrunnen for konflikter mellom bønder og samer på slutten av 1600-tallet og på 1700-tallet kan skrive seg fra den omleggingen av samisk næringsdrift som ble sluttført på den tid».<sup>25</sup> Dei sparsame opplysningane blir ramma inn av den måte og grad samane var relevante for bondene. Dette gjev ikkje berre føringar for tolkinga av informasjonen, men bestemmer også samanes verdi. Dei har ikkje interesse i og for seg sjølve. Det som eigentleg skjer når sørsamisk kultur blir handsama på denne måten, jamvel i dei avsnitta som nominelt skal vere vigde til dei, er at dei blir framstilt som konkurrentar eller som infrastrukturelle forhold som bondene lever under. Strukturelt sett er samane nesten meir å likne med skogen bondene høgg i eller jorda dei pløyar, om dei ikkje beint-fram er hindringar og fiendar, som konkurrentar om dei same beiteområda og om viltet.<sup>26</sup>

Samanes objektstatus blir ytterlegare markert gjennom at somme av forfattarane legg synsvinkelen på eit vis som gjer at samane blir skoda indirekte. Ingressen til kapittelet «På vei mot en sunnere befolkning – og større sosiale skiller» i bind 2 summerer opp innhaldet og avsluttar med setninga: «Den samiske befolkningen ble mer synlig, både med sin sær-egne næringsdrift og som objekt for misjonering».<sup>27</sup> Formuleringsa er ikkje eit uttrykk for ein endra kjeldesituasjon for historikaren. I staden er det ein påstand om at samane blei meir synleg *i si samtid*, både som næringsutøvarar og som objekt for misjonering. Det er eit uttrykk for at forfattaren motstandslaust gjer skattleggaren og misjonærerens blikk gjeldande også for augo til dagens lesarar. Synsvinkelen i framstillinga glir frå å vere ekstern til å bli forankra i styresmaktene og byborgarskapet. Samane derimot, er stabilt plassert som fokalobjekt,<sup>28</sup> uansett om dei blir sett av menneska i si eiga samtid, eller av historikarane i vår. Det grunnleggande perspektivet er objektiverande. Samane blir meir *synlege* – dei er ikkje i kraft av seg sjølve.

Litt mindre klart, men truleg eit utslag av det same, kan ein finne seinare i bindet der det blir sagt at «misjonen rettet seg også mot hjemlige hedninger, og da pekte samene seg ut».<sup>29</sup> I dette tilfellet er det vanskeleg å sjå kven som eigentleg kallar samane for «hjemlige hedninger». Er ordbruken henta direkte frå kjelda? Er det tale om ein parafrase eller eit konsentrat av dei haldninga forfattaren meiner å ha funni som samla ideologisk bakteppe for misjonsverksemda? Eller er det forfattarens eige uttrykk? Det er ikkje noko som klart motseier det siste alternativet, bortsett frå at det å omtale nokon som «heidne» helst høyrer fortida til. Forfattaren legg ikkje inn nokon synleg avstand mellom sin eigen posisjon og kjelta. Eitt er likevel sikkert – det er ikkje samane sjølve som her kjem til orde og sjølve peikar «seg» ut.

25. TH2, s. 306.

26. Jf. t.d. TH2, s. 300 og 303.

27. TH2, s. 274.


28. Gaasland 1999, s. 28.

29. TH2, s. 371.

Ei interessant synleggjering av dette allstadsnærverande og sjølvsagte bondeperspektivet, er illustrasjonen i bind 1 som viser fjellet Heimdalhaugen i Harran. Bildeteksten lyder: «Mye tyder på at det karakteristiske fjellet Heimdalhaugen i Harran var grensa mellom jordbrukskultur og fangstkultur i middelalderen. Lenger innover i Namdalen var det ‘finnmark’ der samene rådde».<sup>30</sup> På fargebildet ligg jordbruksbygda med åker og kyrkje i forgrunnen, og fjernt i bakgrunnen ligg «det karakteristiske fjellet» – med landskapet der samane rådde på baksida av fjellet, og dermed eigentleg ikke avbilda.

At gårdsbusettinga i hoveddalføret ved Namsen strekte seg nordover Harran før svartedauden. Øst for disse gårdene ligger det karakteristiske fjellet, fjellet har et samisk navn, *Aajmehtalie*, som ser ut til å være vikingtida. Og da kan det se rimelig ut at den uklare grensa mellom jakt- og fangstkulturen lå i dette området i middelalderen.<sup>29</sup> Det dette at bøndene i Lierne og Grong måtte ha kontakt med jakt- og amene. Det kunne være konkurranse om jakt- og fiskeplasser, men ig at bønder og samer handla med hverandre, bytta varer og såleis hverandre. I første delen av denne boka har arkeologene pekt på at takten kan gå svært langt tilbake i tid.

Mye tyder på at det karakteristiske fjellet Heimdalhaugen i Harran var grensa mellom jordbrukskultur og fangstkultur i middelalderen. Lenger innover i Namdalen var det «finnmark» der samene rådde.



Faksimile av bind 1, s. 249.

30. TH1, s. 249.

Når bondeperspektivet er så gjennomgående i dette verket, er dette ein refleksjon av korleis ein tenker ålm̄ent rundt desse spørsmåla, innan historiegranskinga og utanfor. I TH ser me korleis sjølve språket vårt er berar av somme økonomiske og sosiale grunnsetningar som her får identitetspolitiske konsekvensar. Eit nøkkelomgrep i denne samanhengen er «bebygd». Denne termen, som på eitt vis kan seiast å ringe inn dei områda av terrenget som er tematisk relevante (fordi det var her menneska fanst), har på same tid somme konnotasjonar som fungerer som ei avgrensing andsynes ei nomadisk befolkning. «Bebygd» leiar tankane i retning av fast installerte husvere, av permanente buplassar. Men eit område kan vere bebudd om det ikkje er bebygd, og landskapet kan vere brukt om det ikkje er bebudd. I TH er likevel spørsmålet innsnevra til om det er bygd gardar der eller ikkje. Og om det er ubebygd, eller om gardane blir forlatne etter svartedaunden, glir ordvala over til omgrep som «folketom»: «Inne ved Storvatnet, det gamle *pórkvislir*, mellom Rissa og Leksvika oppstod det ei lita grend i vikingtida eller kanskje litt før» [...]. I denne grenda budde det ikke folk de første hundreåra etter svartedaunden. Det gjorde det heller ikke på Snåsaheia mellom Snåsa og Grong».<sup>31</sup> Her blir det ikkje problematisert eller reflektert over kor sterkt korrelasjonen mellom gardsbruk og folk røynleg er, eller kor rimeleg det er at desse fruktbare og farbare områda faktisk var tomme for menneske. I bildeteksten på den følgjande sida er poenget understreka ved å kalle området ved Storvatnet som liggande «øde». Denne språkbruken er ei minning om kor djupt bondens perspektiv er vove inn i ikkje berre denne boka – men i det norske språket. Det er vove inn ikkje som ein raud tråd, men snarare som ulla garnet er spunni av.

Samane er også ekskluderte frå andre av dei omgrepene som bokverket legg til grunn som samfunnskonstituerande, t.d. «jordbruk», som her automatisk inneber gardsbruk/plassar. «Med familie og tjenestefolk bodde i alt 115 000 mennesker på gårdene og plassene. Aldri før hadde så mange mennesker fått sitt utkomme fra jordbruket», heiter det i tredje bind, medan det i andre bind heiter at «for så godt som hele befolkningen i Trøndelag gjaldt det til langt ut på 1800-tallet at levebrødet var knyttet til landbruket – på en eller annen måte».<sup>32</sup> Sjølv ei så rundt og laus formulering som dette har ein ikkje greidd å inkludere samane i, for framhaldet viser at er jordbruk i staden her er forstått som korndyrking og krøtterhald.<sup>33</sup> Også i bolken titulert «Det trønderske jordbruket» fell samane utanom – dei blir ikkje nemnde eller rekna med. Om grunnen er at dei ikkje er trøndarar eller at dei ikkje er jordbrukarar er ikkje klart, men effekten er i alle fall at eitt særtrekk som kan skilje Midt-Noreg ut frå andre norske jordbruksregionar blir viska ut: eksistensen av reindrift.

Utgangspunktet for i alle fall somme av forfattarane ser ut til å vere at samane ikkje eigde rom i området så sant det motsette ikkje er prova. Det heiter i bind 2 om lovverk og landskapsnamn: «I motsetning til Eidsivatings- og Borgartingsloven nevner ikke Frostatingsloven samer eller finner. Loven har omfattende regulering av aktiviteter i utmarka, det kan være jakt, fiske, setring eller slåtteng, og da er det noe uventa at samene mangler. Men det viser i alle fall at bøndene brukte utmarka i stor grad».<sup>34</sup> Igjen ser ein at det er eit usagt, men tydeleg premiss at lovene er for bøndene, og samfunnet er bøndene. For lesaren må

31. TH1, s. 233.

32. TH3, s. 39; TH2, s. 299.

33. TH2, s. 299.

34. TH1, s. 278.

dette forståast som eit slag for framrykkingsteorien: bøndene var her i alle fall, og dersom det var samar her, ville ikkje bøndene ha sett og kommentert dei? Men dette er ikkje den einaste måten å lese at samar ikkje blir nemnde i lovverket. Er det ikkje tenkeleg at nettopp her rundt Frostatinget kan sameksistens mellom samar og ikkje-samar ha vori så grunnleggande at ein ikkje såg grunn til å operere med eit skilje mellom samar og ikkje-samar? Kan det tenkast at samane i dette lovområdet ikkje var sett som heilt annleis eller særeigne, at den same retten kan ha vori gyldig for alle, og at det godt også kan ha vori samar som sto for den omfattande bruken av utmarka? Vel, tanken er i alle fall ikkje innanfor rekkevidda til teksten i TH. Teksten er eit avtrykk av tankemåtar og -figurar som kan vere vidt utbreidde i dag, og som her blir projisert attover på det fortidige samfunnet. Truleg blir det også projisert mot det framtidige Trøndelag og Noreg gjennom å forme og påverke – i ei eller anna utstrekking – omgrepa til lesarane.

Heile tida er det bøndene som har perspektivet, og det er bøndene som er agens, dei som handlar, medan samane står som passive objekt for bøndenes handlingar. Det heiter såleis: «Folkeveksten, gjenryddingen av gårder og ny utvidet bosetning inn mot gammel utmark og opp mot fjellet brakte trønderske bønder i nærmere kontakt med samene i distriktet», og: «[i] Snåsa handlet bøndene med fjellsamene».<sup>35</sup> Og ein påfallande stor del av gongene samkvem over kulturgrensene er nemnd, er det presisert at utviklinga gjeng den eine vegen: Til dømes at «en samisk befolkning kunne få tak i gjenstander i det norrøne miljøet som de kunne bruke i sin næringsutøvelse», eller at «[d]et fins eksempler på at samer har annektert norrøne gravskikker».<sup>36</sup> Eg er ikkje i stand til å motseie desse spesifikke tilfella. Men det er påfallande korleis kulturutvekslinga som kan ha føregått mellom dei to eventuelt sameksisterande kulturane, nokså gjennomgåande er framstilt som einveges. Ein symbiose blir ikkje føreslått her, heller ikkje mulegheita for at samane har gjevi opphav til det eine eller andre.

Samane blir utelatne og maktstolne som historiske aktørar på fleire vis og i mange samanhengar i påfallande grad. Berre sjeldan blir samane integrert i framstillinga gjennom å nemnast som delar av ein større folkefellesskap i samband med ålmenne forhold. T.d. er det i kapittelet om «Krigens redsler» om krigen med svenskane 1718–19 ei kort opplysning om «[e]n av veiviserne som skal ha vært en same, som kom vel fram, men aldri vendte tilbake til Tydalen».<sup>37</sup> I bind 3 er det trekt fram ein same for å illustrere tvangsausjonane som bølgja over landsbygda.<sup>38</sup> Om ein ikkje aktivt leitar etter samane, vil lesaren lett kunne oversjå korleis dei er luka ut frå historia. Den store jemtlandshandelen på Levanger nemnast t.d. som eit døme på den livlege marknadskulturen som var under utvikling. Det blir vist til Jens Hansen Collin, som i 1683 reknar med at det kom 1500–1600 «svenskar» hit, og blant dei femtitals varene han – og TH 320 år seinare – nemner er «reinskinn, finnekjoler, finnstøvler, finnhansker, finnsko». At samane sjølve har blitt borte på vegen, er kanskje ikkje å undrast over i Collins tilfelle. Men i ei bok om Trøndelags historie frå 2005 er det påfallande at dei er forsvunne bak omgrepet «svenskar». Og berre varene deira er att for å berike trøndaranes kultur.<sup>39</sup>

35. TH2, s. 264; TH2, s. 325.

36. TH1, s. 126.

37. TH2, s. 234.

38. TH3, s. 273.

39. TH2, 327.

## KJELDER OG MAKТ

Som nemnt er mangelen på kjelder brukt som forsvar mot kritikken. Dette forsvaret eller forklaringa blir også ført gong på gong i framstillinga i boka. «Samisk kultur var skriftløs, og stadige flyttinger betyr at de har etterlatt seg få kulturminner», seier ein skrivars.<sup>40</sup> Det er «svært vanskelig å spore samiske boplasser», nikkar ein annan, og «[d]et at samene var nomader som beveget seg nokså fritt over landegrensene, gjør det selvsagt ikke enklere å finne deres tilholdssteder», i tillegg til at deira kultur var skriftlaus.<sup>41</sup> Det er fleire ulike måtar å nærme seg denne utfordringa på. Helst burde denne kjeldesituasjonen, som dels også er eit resultat av tidlegare tiders utreinsking av kjelder, forplikte forfattarane til å forfølge det svinnande sporet på ein enda meir vaksam måte, for sjeldan har historieskriving fått så konkrete og handfaste verknader som i dette spørsmålet, der historikarars granskingsresultat er brukt som grunnlag for rettsavgjelder der sør-samisk befolkning er frådømt rettar.<sup>42</sup> Eitt svar ville vere å mobilisere dei ressursane som faktisk finst. For kjeldesituasjonen er ikkje så skrinn, og somme kjelder kunne nyttast meir. Ei etnografisk kjelde som kunne nyttast meir, er t.d. Schnitlers kommisjonsrapport frå 1742. Forfattarane av TH har heller ikkje nemnt dei forskarane som faktisk meiner at ein *har* funni búplassane deira.<sup>43</sup> Og ei bok som baserer seg på stadnamn til inntekt for seklar av nærvære og bruk så lenge det dreiar seg om norrøn busetting, kunne nok vel så gjerne investert energien og nyfikenheita i å etterrøkke samiske landskapsnamn. Men i staden for å bøte på mangelen gjennom avdekking av nye kjelder og av nytolkning av dei gamle som ligg til grunn for dei konvensjonelle bondeforteljingane, framstiller forfattarane dei hevdvunne kjeldeoppfatningane som eit tvingande omsyn, ei naturlov.

Like lite reflekterer ein rundt kva skorten på kjelder i seg sjølv seier om den historiske røyndomen, og om den historiografiske framstillinga dei med dette tilbyd. For eit anna aspekt ved kjeldesituasjonen er det historiske maktforholdet som ligg nedfelt i kjeldene. Redaktören Ida Bull er ikkje aleine om å slå fast at dei skriftlege kjeldene først og fremst presenterer samane som skatteobjekt og som partar i tvistar med bønder.<sup>44</sup> Det som ikkje blir presisert eller sagt eksplisitt i den samanhengen, er kva for maktdimensjon som ligg i dette. Kjem samane til orde like direkte, i like stor grad, og med same interesse for deira sak, eller er deira status som skatteobjekt i vegen for ei forståing av dei som sjølvstendige agentar med eigne interesser? Det blir kommentert: «Det har vært stor uenighet blant forskerne om hvor langt sør samene holdt til i eldre tid. Samene produserte ikke selv skriftlige kilder. Det som finnes er kilder fra bondesamfunnets side, og viser bare spor av embetsmenns og bønders møte med samene».<sup>45</sup> Her nemner skrivaren eit sentralt aspekt ved kjeldesituasjonen, men poengterer berre perspektivet, og det at samane ikkje kjem til synes anna enn i situasjonar der dei blir sett av bøndene. Det vidare maktaspektet ved at det er partsinnlegg og represasjoner gjennom andre, blir ikkje nemnt spesielt. Den same ulikskapen av tildeling av ytringsrett blir reproduksert av forfattarane når dei tilkjerner taleplattformar til forskarane

40. TH1, s. 277.

41. TH2, s. 156.

42. Hermanstrand 2009, s. 487.

43. Jf. Hermanstrand 2009, s. 489.

44. TH2, s. 264 og 156.

45. TH2, s. 264.

som har skrivi om det aktuelle emnet. Den eine skrivarens framstilling av dei historiske forholda i bind 2, byggjer på undersøkingane til Kjell Haarstad og Jørn Sandnes – dei to historikarane som framom nokon andre har bori framrykkingsteoriens perspektiv i historiedebatten det siste halvsekelet. Men det blir ikkje presisert i dette bokverket at deira studier og deira funn er kritisert av andre, ei heller blir det vist til alternative forklaringsmåtar. Det blir berre vist til at «sørsamisk historie [har] blitt flittig debattert i de senere år».<sup>46</sup> Men det er framstillingane til Haarstad og Sandnes som ligg til grunn for handsaminga til denne skrivaren i bind 2, og det er deira konklusjonar som oppsummerer avsnitta. Ingen alternative stemmer frå debatten er diskutert eller representert i teksten. Litteraturlista til kapittelet viser også at ut frå heile den «flittige debatten» er det berre Haarstad og Sandnes som er brukt.<sup>47</sup> Den såkalla «framrykkingshypotesen» må såleis seiast å ligge til grunn for denne framstillinga i TH – om ikkje heilt umodifisert, så i røynda uimotsagt. Når ein annan historikar handsamar debatten i bind 2, inkluderer ho Sverre Fjellheim i si litteraturliste som ein av fire historikarar, der dei andre må seiast å representere bondesynsvinklar. På denne måten glir motførestillingane mest bort i skodda, medan Sandnes og Haarstad blir ståande att som dei einaste i forgrunnen. Dette kan ein seie er ei strukturell usynleggjering av synsmåtane deira, ei diskursiv avvising som ikkje ligg så mykje i argumentas kraft som i tekstens struktur. I diskursanalytiske termar kunne ein sagt at diskusjenen avviser synspunkta. På enda eit plan arbeider teksten på å underminere taleplattforma deira, for den debatten ein blir vist til, blir avgrensa til «hvor langt sør de kom»: «Som nevnt i bind 1 har sørsamisk historie blitt flittig debattert i de senere år. Hovedtemaet for diskusjonen har vært: Hvor har sørsamene hatt tilhold opp gjennom tidene, og hvor tallrik har denne etniske minoriteten vært i de ulike områder?»<sup>48</sup> Det diskursive arbeidet som blir gjort her, er ikkje avgrensa til å referere ein tidlegare diskusjon, i røynda trekker ein på ny opp dei konvensjonelle grensene for kva som er interessant og relevant å debattere. Men kvifor er det nettopp desse spørsmåla som er dei rette eller interessante? Diskusjonen kunne ha vori ei grunnleggande drøfting om utveksling av språklege, religiøse eller idémessige trekk, eller alternativt ha vori på eit nivå av korleis regionen er påverka av å vere tilhaldsstad for to så vidt ulike kulturar. I staden lukkar ein seg etter inne med diskusjonen om grensedragingar, sjølv etter at denne har vist seg å vere uløyseleg på grunn av kjeldene. Slik føregrip forfattarane kritikken og frikjener seg sjølve. Og stundom synest dei gå lenger: «De spor de etterlot i naturen var også svake og ble fort utvisket».<sup>49</sup> Referansen til «svakhet» kan seiast å ikkje berre frikjenne historikarane og deira metodar, men kan jamvel lesast som ein subtil måte å legge skulda over på samane sjølve. Det er samanes eige levesett som er å klandre for deira svake stilling i historiografien, og dermed som historisk identitetssubjekt i vår eiga samtid. Dette er det logiske sluttpunktet for den historiografiske praksis som har resultert i TH, som ein variant av modernitetens krav: dersom ein kultur ikkje er skriftleg, er han ikkje muleg å ta vare på – kanskje heller ikkje verneverdig. Her nærmar eg meg kanskje yttergrensene for mistenksamhetas hermeneutikk, men utan at samane var tilskrivne ein viss status og rolle gjennom spelet av mindre detaljar og samanbindande strukturar, ville ei slik tolking ikkje vere tenkeleg. Det kan sam-

46. TH2, s. 156.

47. TH2, s. 441f.

48. TH2, s. 156.

49. TH2, s. 264.

stundes peikast på at det gjennom bokverket fleire stader kan lesast ut ein modernistisk kritikk av den samiske kulturen. Her er av og til einskilte påpeikingar av at sørsamane er handlekraftige og omstillingssyktige, særleg i tredje bindet.<sup>50</sup> Men spreidd rundt elles i verket kan ein høre andre undertonar. Ein skriv t.d.: «Samene ernærte seg av jakt, sanking, fiske, reindrift og handel og hadde svært enkle bosteder». <sup>51</sup> Kva ligg i uttrykket «svært enkle»? Meiner ein at bustadane var «ukunstlet»? Funksjonalistiske? Eller ligg her ei vurdering av verdi i dette, anten etter økonomiske eller estetiske kriterier, som kanskje ikkje har så lange vegen til tidlegare historikarars fråsegner om primitivitet? Ei formulering som denne avslører meir eit visst perspektiv enn ein historisk røyndom, der eit nomadisk liv ikkje med naudsyn har vori styrt av «enkelhet», men snarare vori prega av eit materielt utstyr der funksjon og teknologi er pressa og høgna til det ytste for å sikre utkomme og leveveg. Eit nomadisk levesett under desse naturvilkåra og ressurstilgangane vil truleg med like stor rett seiast å vere kjenneteikna av høgt utvikla design. Kan hende kjeldesituasjonen ikkje gjer det muleg å få dette på det reine, men skrivaren spør heller ikkje om dette. I staden slepper han den summariske domen «enkel» ut på eiga hand i forteljinga, og konnotasjonane slår inn som døyvde ekko kvar gong talen på ny kjem inn på samane.

## AVSLUTNING

I gjennomgangen ovanfor har eg henta fram ein del trekk som synest problematiske der som det er ei målsetting at også sørsamane skal finne sin stad innanfor den trønderske kulturen og identiteten. Men ved å la store delar av tidsepokane stå tomme for sørsamisk liv, interesser og påverknad, forteier ein mykje av ikkje berre deira historie, men også ein del av ikkje-samanes. For også deira liv og livsverd har blitt forma av sameksistensen med ei anna folkegruppe – på både merkelege og umerkelege måtar. I debatten om sørsamisk historie er sørsamiske stemmer sett som representantar for særinteresser, medan ikkje-samiske stemmer i kontrast representerer ei meir katolsk sanning, eventuelt fornufta. Samane får inga plattform, korkje for sine politiske krav eller for sin identitet når dei ikkje blir inkludert i historia. Den samiske befolkninga er i randsonen av samfunnet, ikkje berre forstått geografisk, men i dette bokverket er den også etablert som ei ut-gruppe, ikkje som ein dualitet, men som ein dikotomi. Det er lite tvil om at verket som heilskap er uttrykk for eit hegemonisk perspektiv på samane. Dette er inga samisk framstilling. Sørsamane er ikkje integrert i framstillinga. Dei er *inkludert* – til ei viss grad.

Det skal seiast at andre tekstlege element kunne trekkast inn for å mildne inntrykket eg har forsøkt å skape ovanfor. Eg skal også vedgå at teksten *Trøndelags historie* er lesen misitenksamt. Årsaken til at eg finn dette både verdifullt og naudsynt, er at teksten som heilskap så tydeleg er prega av eit maktperspektiv. Eit slikt perspektiv treng motstand, og ei påpeiking av den makta som faktisk ligg både i det å betrakte og i det å oversjå. Mi målsetting har vori å sette lyset på den mangelen på omtanke overfor samisk identitet og kulturelle stode som eg meiner verket viser, og den manglande refleksjon som ligg i forfattarane s instinktive tilnærming til historia. I forsvaret i den følgjande debatten framførte forfattarar og redaktørar

50. TH2, s. 159; TH3, s. 234 og 263f.

51. TH2, s. 156.

reine teknikalitetar, som t.d. skorten på truverdige og tydelege kjelder. Men ei nøyare lesing av verket fører på det reine at det i staden er tale om blinde flekkar og ideologiske føresetnader – med politiske konsekvensar. Dette inntrykket – eller skal ein heller seie trykket – som historieverket skaper, har potensial til å påverke så vel lesarar utanfor som innanfor det sør-samiske miljøet når det gjeld oppfatningar om tilhøyre, rettar og identitet.

Det er visseleg slik at mange andre verk kunne vori henta fram blant både bygdebøker, regionalhistorier og jamvel – og kanskje ikkje minst – nasjonale historieverk. Det er dette som er det reelle problemet som er avdekka i gjennomgangen av dette bokverket: Både bokverket og prosessen bak det er ovringar av ein historiefagleg diskurs som tillet at ein bokkomité og ein redaksjon kan ta på seg å gje ei full framstilling av eit landskaps historie utan å sjå eigne avgrensingar i perspektiv og innsikt, og utan å korrigere for dette ved å ta organisatoriske grep, sjølv etter at åtvaringane var så klare. Denne diskursen har som sitt fundament og si følge i alle fall to poeng: for det fyrste at samane ikkje blir lytta til med sitt krav om at innsikt i samisk historie er naudsynt kompetanse i eit slikt bokarbeid. For det andre er samane ikkje trøndrarar.

Er krava til akademisk historieskriving umuleg å sameine med omsyn til urbefolknings forståing av seg sjølv, si historie og det grunnlaget dette kviler på? Det er ein stor og viktig diskusjon som er ført internasjonalt, og som også nå gjer seg gjeldande her til lands. Det berre litt nyare verket *Nordlands historie* har gjort viktige grep annleis.<sup>52</sup> Det som i alle fall er sikkert, er at ein ikkje kan skrive akademisk historie utan å ta desse omsyna inn over seg.

## LITTERATURLISTE

- Adresseavisen* Morgen 10.05.2002: «Ellev plukket til å skrive trønder-historie».
- Bergstol, Jostein og Gaute Reitan 2008: «Samer på Dovrefjell i vikingtiden». *Historisk tidsskrift*, bind 87, 9–27.
- Bull, Ida 2002: «Trøndelags historie og sørsamene» i *Adresseavisen* 15.10.2002.
- Bull, Ida (hovudred.) 2005: *Trøndelags historie*. Trondheim: Tapir akademisk forlag. Medredaktørar: Olav Skevik, Kalle Sognnes, Ola Svein Stugu.
- Bull, Ida 2017: «Samisk historie i Trøndelag» i *Adresseavisen* 17.02.2017.
- Bull, Ida og Ola Svein Stugu 2008: «Om samer i det sørlege Norge». *Historisk tidsskrift*, bind 87, 657–664.
- Bull, Ida og Ola Svein Stugu 2009: «Hermanstrands reorientering» i *Historisk tidsskrift*, bind 88, 699–701.
- Eriksen, Anne 1999: *Historie, minne og myte*. Oslo: Pax.
- Fairclough, Norman 2003: *Analysing discourse. Textual analysis for social research*. London/New York: Routledge.
- Fjellheim, Sverre 2005: «Trøndelag og samenes historie» i *Adresseavisen* 21.11.2005.
- Gaasland, Rolf 1999: *Fortellerens hemmeligheter. Innføring i litterær analyse*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hermanstrand, Håkon 2009: «Sørsamisk historie» i *Historisk tidsskrift*, bind 88, 485–491.
- Neumann, Iver B. 2001: *Mening, materialitet, makt: En innføring i diskursanalyse*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Nielssen, Alf Ragnar 2015: *Nordlands historie 1–3*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Stugu, Ola Svein 2005: «Samar i Trøndelags historie» i *Adresseavisen* 29.11.2005.
- Aaslestad, Petter 1999: *Narratologi. En innføring i anvendt fortelleteori*. Oslo: Landslaget for norskundervisning/Cappelen Akademisk Forlag.

52. Nielssen 2015.